



## Møteprotokoll

---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Fjell rådhus, kultursalen  
**Dato:** 08.04.2019  
**Tid:** 09:00 - 10:00

---

**Medlemer som møtte:**

Marianne Sandahl Bjørøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Jøgeir Sognnæs	Medlem	AP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Silvia Haugland	Medlem	Uavhengig
Espen Harkestad	Medlem	AP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

**Forfall:**

---

**Varamedlemer som møtte:**

---

**Andre:**

Prosjektrådmann Rune Lid, informasjonsleiar Vigleik Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjørøy

Børge Haugetun

underskrifter

## SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 17/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 18/19	Referatsaker og orienteringar
RS 2/19	Partssamansett utval - referat 08.03.2019
PS 19/19	Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda
PS 20/19	Forsikra kommunal pensjonsløysing - intensjonskunngjering
PS 21/19	2.gongs handsaming: Lokaldemokrati og identitet - rapport frå arbeidsgruppa - rekneskap 2018 - budsjett 2019

### **PS 17/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok**

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte (11.03.2019) vart godkjente utan merknad.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

### **PS 18/19 Referatsaker og orienteringar**

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

##### Statusorientering frå prosjektrådmann Rune Lid:

Lid viste til milepelar og rettslege krav for verksemどoverdraginga til Nye Øygarden kommune. Ved einingar som er definert som «berørte» må leiarar nivå 1 og 2 gjennom intern søknadsprosess som skal vere avslutta 7.mai, for å sikre forsvarleg, god og rettferdig prosess. Andre leiarar får vidareført arbeidsforholdet i den nye kommunen i same stilling jf. rettleiar for overføring av tilsette. Dei ulike kommunalsjefane vil deretter tilsette sine medarbeidarar og innan 21.juni skal alle tilsette vere innplasserte. Lid avslutta med å informere om status for dei kommunale selskapa som er under omdanning eller etablering, og generelle vedtektsendringar for selskap som følgje av kommunesamanslåinga.

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

## **RS 2/19 Partssamansett utval - referat 08.03.2019**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Referatsaka vert teken til orientering.

### **PS 19/19 Spørsmål frå medlemer i fellesnemnda**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemer av fellesnemnda i forkant av møtet. Under behandlinga av saka vart det stilt følgjande spørsmål:

**Anita Garlid Johannessen;**

Johannessen viser til endringar av gardsnummer, eigedomsinformasjon, for Nye Øygarden kommune. Korleis vil innbyggjarar som det vedkjem, i Sund og Øygarden kommune, få informasjon om gardsnummerendringar i matrikkelen?

*Prosjektrådgjevar Rune Lid viste til at Statens kartverk har ansvaret for matrikkelen og vil sørge for naudsynt informasjon.*

**Møteleiar Marianne Sandahl Bjorøy;**

Bjorøy bestilte samla økonomirapport for dei tre kommunane til neste møte i fellesnemnda, 13.mai. I tillegg refererte Bjorøy til tidlegare innspel om budsjettseminar for fellesnemnda, og informerte om at oppsett møte i fellesnemnda 17.juni blir eit budsjettmøte. Dersom det blir behov for å forlenge tidspunktet for budsjettmøtet så vil det kome særskilt melding.

### **PS 20/19 Forsikra kommunal pensjonsløysing - intensjonskunngjering**

**Innstilling:**

Prosjektrådmannen tilrår at det vert gjennomført ei intensjonskunngjering i tråd med innkjøpsregelverket. Utfallet av denne vil avgjere om det kan gjerast ei direkte anskaffing i KLP eller om val av pensjonsløysing må ut på anbod.

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Under handsaminga av saka vart det stilt spørsmål om avtale med pensjonsleverandør kan utsetjast for å sjå an utviklinga i marknaden, og grunngjevnad for val av innkjøpssystem. Prosjektrådmann Rune Lid viste til praktiske årsaker for val av innkjøpssystemet Mercell. Lid var også tydeleg på at prosessen vidare med val av forsikra kommunal pensjonsløysing ikkje kan utsetjast. Intensjonskunngjeringa vil vise om KLP er eineleverandør eller om det er fleire tilbydarar og såleis anbodsrunde. Etter førespurnad frå Tom Georg Indrevik vil prosjektrådmannen levere skriftleg melding til fellesnemnda om utfallet av intensjonskunngjeringa.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Prosjektrådmannen tilrår at det vert gjennomført ei intensjonskunngjering i tråd med innkjøpsregelverket. Utfallet av denne vil avgjere om det kan gjerast ei direkte anskaffing i KLP eller om val av pensjonsløysing må ut på anbod.

**PS 21/19 2.gongs handsaming: Lokaldemokrati og identitet - rapport frå arbeidsgruppa - rekneskap 2018 - budsjett 2019****Innstilling:**

Saka vert lagt fram utan innstilling.

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Framlegg frå Silvia Haugland:

Fellesnemnda viser til sak 9/19 og tar med bakgrunn i signal frå Vest Næringsråd ut punkt om eigen stand på Offshore Technology Days (OTD). Fellesnemnda ber prosjektrådmannen legge opp til besøk på messa frå politisk og administrativt nivå.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 08.04.2019:**

Fellesnemnda viser til sak 9/19 og tar med bakgrunn i signal frå Vest Næringsråd ut punkt om eigen stand på Offshore Technology Days (OTD). Fellesnemnda ber prosjektrådmannen legge opp til besøk på messa frå politisk og administrativt nivå.